



Øyvind Hosøy
Markaneset 66
5251 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2271 - 18/11671

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.04.2018

Svar på førespurnad om møte - gbnr 11/84 Hølleland

Lindås kommune viser til din e-post av 06.04.2018 samt tidlegare korrespondanse i saka.

Førespurnaden din om møte i saka er oversend planavdelinga som kan gje rettleiing i forhold til planprossessen.

Når det gjeld punkt 3, 4 og 5 i skrivet ditt, som er knytta til byggjesøknadane på eigedomen, har vi følgjande kommentar:

- Punkt 3: Utsagnet « Eigedomen gbnr 11/84 er ein større fritidseigedom og ligg i uregulert område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til byggjeområde for fritidsbustadar?» i saksutgreiinga er ei skildring av dei faktiske tilhøva.
- Punkt 4: Ansvarleg søkjar har i søknaden om dispensasjon oppgitt at eigedomen er 40 mål og ikkje 4 mål som er rett. Kommunen har ved handsaming av søknaden ikkje lagt vekt på dette. Vi har tatt stilling til søknaden ut frå den faktiske storleiken på eigedomen slik det går fram av kart og matrikkel.
- Punkt 5: Eigedomen ligg i eit område der det i kommuneplanen, som er juridisk bindande for kommunen si handsaming, er sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før det vert godkjend nye tiltak innanfor området, jf punkt 1.1 i føresegnene til planen. Tiltaket kjem ikkje inn under unntaka frå plankravet i punkt 2.14. Kommunen har etter ei konkret vurdering av det omsøkte tiltaket gitt avslag på søknaden om dispensasjon frå plankravet. Det vil sei at tiltaket må inngå i godkjend reguleringsplan før vi kan gje byggjeløyve.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Planavdelinga

her

Mottakarar:

Øyvind Hosøy

Markaneset 66

5251

SØREIDGREND